

Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Sogndal 19/5-16  
konsesjonsavdelingen, seksjon for småkraft.

KONSESJONUTTALE OM TYNJADALEN OG FOSSETEIGEN KRAFTVERK I LÆRDAL KOMMUNE;  
SOGN OG FJORDANE

Underskrivne Jon Farestveit, som representerer Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane i denne saka, vil først nemne nokre meir prinsipielle synspunkt på denne kraftutbygginga. Vi meiner såleis at det no har vore nok kraftutbygging i Lærdal kommune, og ein bør ta vare på dei store naturverdiane vi finn i denne kommunen. Bygging av to kraftverk i denne vakre dalen bør ein etter vår mening seie nei til, og særleg gjeld det kraftverksplanen Tynjadalen kraftverk i den øvre delen av dalen. Bygging av Fosseteigen kraftverk i den nedre delen mot hovuddalen er noko meir akseptabel. Elles meiner vi det vil vere vanskeleg å gje ein skikkele uttale om ei kraftutbygging i eit område vi har lite kjennskap til og før ei planlagd synfaring i området. Synfaringa burde sjølv sagt ha kome før høyningsfristen, og vi vil truleg kome med ein tilleggskommentar etter synfaringa.

NOKRE KOMMENTARAR TIL UΤBYGGINGSPLANEN

Det er planar om to kraftverk ved elva Kuvelda i Tynjadalen. Det mest konfliktfylte er nok planen om Tynjadalen kraftverk i den øvre delen av dalen. Her er det eit stort sett urørt område med store naturverdiar, m.a. eit godt synleg fossestryk. Særleg den reduserte vassføringa og inngrep elles vil redusere naturopplevinga for dei som ferdast her i ein dal som til no ikkje har vore av dei mest nyttar til friluftsliv, men som likevel skulle ha alle føresetnader for å verte meir brukt i samband med reiseliv og friluftsliv dersom tilhøva vert lagde til rette for det. Fosseteigen kraftverk vil kome i eit område som er meir prega av tidlegare inngrep og har nok ikkje den same verdien som naturområde.

Konklusjon: Vi går av prisipielle årsaker mot ei bygging av dei to aktuelle kraftverka i "eit av dei mest storlagnane" fjordlandskapet i Norge" som det står i konsesjonssøknaden, men meiner likevel at Tynjadalen kraftverk har større verdiar knytte til seg enn Fosseteigen.

Med helsing Jon Farestveit, 6856 Sogndal

Adresse: Jon Farestveit Hovsmarki 4b, 6856 Sogndal. E-post:  
Jon.Farestveit@gmail.com. Mobil:41659144